

**GULATING LAGMANNSRETT****DOM**

Sagt: 17.03.2010 i Gulating lagmannsrett, Stavanger

Saksnr.: 09-023220AST-GULA/AVD2

Domarar:

Lagdomar	Ove Midttun
Lagdomar	Magni Elsheim
Tingrettsdomar	Audun Stornes

Meddomarar:

Spesialsykepleier/ pensjonist	Hildborg Ferkingstad Saltvik
Bensinforhandler	Trond Knutsen
Førtidspensjonert	Reidun Svendsen
Journalist	Jens Kåre Bjørheim

Tiltalt

Rune Leander Hansen

Advokat Cecilie
Schlösser Møller

Påtalemyndighet

Rogaland
statsadvokatembeter

Statsadvokat Tormod
Haugnes

Statsadvokatane i Rogaland fremja den 22. desember 2008 for Haugaland tingrett tiltalevedtak mot **Rune Leander Hansen, født 06.12.1955**, for følgjande straffberre tilhøve:

I **Straffeloven § 132a første ledd a jf annet ledd jf fjerde ledd første straffalternativ**

for ved vold, trusler, skadeverk eller annen rettsstridig adferd overfor en aktør i rettsvesenet å ha opptrådt slik at det var egnet til å påvirke aktøren til å foreta eller unnlate en handling, et arbeid eller en tjeneste i forbindelse med en straffesak eller en sivil sak

Grunnlag:

Lørdag 4. oktober 2008, på hans bopel ved Vikebygd i Vindafjord, fikk han sin fraseparerte ektefelle Trude Monica Hansen til å undertegne prosesskriv til retten i hans favør i deres pågående barnefordelings- og barnevernssak, idet han i dagene forut for dette hadde truet med å drepe henne hvis hun ikke gjorde som han sa.

II **Straffeloven § 227 første straffalternativ**

for i ord eller handling å ha truet med en straffbar handling som kan medføre høyere straff enn 6 måneders fengsel, under slike omstendigheter at trusselen var skikket til å fremkalte alvorlig frykt

Grunnlag:

Ved flere anledninger i perioden fra 27.09.08 til 17.10.08, i Skoglandsvegen 108 i Haugesund, samt på hans bopel ved Vikebygd i Vindafjord, truet han med å drepe Trude Monica Hansen dersom hun ikke gjorde som han sa. Utsagnet var etter omstendighetene egnet til å fremkalte alvorlig frykt.

III **Straffeloven § 222 første ledd første straffalternativ**

for ved rettsstridig atferd eller ved å true med slik å ha tvunget noen til å gjøre, tåle eller unnlate noe

Grunnlag:

Lørdag 27. september 2008, i Skoglandsvegen i Haugesund, tvang han henne til å bli med til hans bopel i Vindafjord ved å true henne med at hun ville bli drept om hun ikke gjorde som han sa.

IV **Straffeloven § 291 første ledd jf annet ledd**

for rettsstridig å ha ødelagt, skadet, gjort ubruklig eller forspilt en gjenstand som helt eller delvis tilhørte en annen

Grunnlag:

a)

Mandag 7. april 2008 kl. ca kl 02:30 i Grue, kjørte han med vilje sin Chevrolet personbil inn i Nissan personbil med kjennemerke HJ46342 tilhørende Glenn Alexander Jacobsen slik at Jacobsens bil ble påført karosseriskader samt knuste skiltlys.

b)

Mandag 7. april 2008 ca kl 02.30, i Grue kjørte han med vilje sin Chevrolet personbil inn i Citroen personbil med kjennemerke DF83949 tilhørende Terje Nordlie slik at Nordlies bil ble påført karosseriskader samt knuste lykter.

Haugaland tingrett fastsette 15. januar dom med slik domsslutning:

1. *Rune Leander Hansen, født 06.12.1955, dømmes for*

- ett tilfelle av overtredelse av straffelovens § 132 a, første ledd a, jfr. annet ledd, jfr. fjerde ledd første straffalternativ
- ett tilfelle av overtredelse av straffelovens § 227 første straffalternativ
- ett tilfelle av overtredelse av straffelovens § 222 første ledd, første straffalternativ
- to tilfeller av overtredelse av straffelovens § 291 første ledd, jfr. annet ledd

til fengsel i 8 – åtte – måneder, jf. straffelovens § 62, første ledd.

Varetektskommer til fradrag med 87 dager pr. 13.01.09.

2. *Rune Leander Hansen, født 06.12.1955, dømmes videre til å betale oppreisningserstatning til Trude Monica Hansen med kr. 50.000,- - kronerfremititusen-. Beløpet forfaller til betaling 2 – to – uker etter at dommen er forkjent for ham*

Rune Leander Hansen fremja anke mot domen innan den lovsette fristen. Anken galdt prinsipalt sakshandsaminga med krav om oppheving av domen og heimvising til ny førehaving, subsidiært provvurderinga i høve skuldspørsmålet for alle tilhøva og i tillegg fastsetjinga av det borgarlege rettskravet. I vedtak 12.mars 2009 syntte Gulating lagmannsrett provanken for tiltalevedtaket postane I-III til ny førehaving. Elles vart anken nekta fremja.

Ankeførehaving var først tillyst til 29.september 2009 i Haugesund. Grunna sjukdom vart den tillyste ankeførehavinga utsett og tillyst på nytt. Ankeførehavinga vart så gjennomført i Folkets Hus i Stavanger i tida frå og med 9. mars til og med 11. mars 2010. Tiltalte som møtte med oppnemnd forsvarer, advokat Cecilie Schlösser Møller, gav forklaring. Frå

påtalemakta møtte statsadvokat Tormod Haugnes. Den krenkte, Trude Monica Hansen møtte saman med oppnemnd hjelpeadvokat, advokat Trond Hjelde. Medrekna forklaringa til den krenkte, høyde lagmannsretten 10 vitne. Til prøving i ankesaka var postane I-III i tiltalevedtaket attgjeve ovafor.

Den tiltalte, Rune Leander Hansen er uførretrygda og bur i Vikebygd i Vindafjord kommune. Han mottek om kr 9 000 netto i trygd kvar månad. Den tiltalte er separert frå den krenkte i saka og dei har 10 born. Seks av born er umyndige. Det yngste vart fødd i april 2008. Den tiltalte er tidlegare straffedømd, men det er tilhøve som ligg langt attende i tid. Den tiltalte sa seg ikkje straffskuldig for dei tilhøva han er tiltala for.

Påtalemakta påstod at den tiltalte måtte dømast for tilhøva som er til prøving og saman med tilhøva avgjort i tingretten, til straff med fengsel i åtte månader. Gjennomføringa av straffa kan for 90 dagar utsetjast på vilkår og den vilkårlause delen av straffa an reknast som fullført ved vareteksoppahaldet som var på 145 dagar.

Den krenkte påstod at anken i høve det borgarlege rettskravet måtte vrakast.

Den tiltalte kravde seg frifunnen og elles handsama på mildaste måte.

På grunnlag av tiltalevedtaket og det som kom fram under ankeførehavinga vart følgjande spørsmål lagt fram for lagretta:

"Spørsmål 1 - hovedspørsmål:

Er tiltalte Rune Leander Hansen skyldig i ved vold, trusler, skadeverk eller annen rettsstridig adferd overfor en aktør i rettsvesenet å ha opptrådt slik at det var egnet til å påvirke aktøren til å foreta eller unnlate en handling, et arbeid eller en tjeneste i forbindelse med en straffesak eller en sivil sak, ved å ha forholdt seg slik:

Lørdag 4. oktober 2008, på hans bopel ved Vikebygd i Vindafjord, fikk han sin fraseparerte ektefelle Trude Monica Hansen til å undertegne prosesskriv og brev til retten i deres pågående barnefordelingssak og barnevernssak, idet han i dagene forut for dette hadde truet med å drepe henne hvis hun ikke gjorde som han sa?

Spørsmål 2 - hovedspørsmål:

Er tiltalte Rune Leander Hansen skyldig i ved ord eller handling å ha truet med en straffbar handling som kan medføre høyere straff enn 6 måneders fengsel, under slike omstendigheter at trusselen var skikket til å fremkalle alvorlig frykt, ved å ha forholdt seg slik:

Ved en eller flere anledninger i perioden fra 27.09.08 til 17.10.08, i Skoglandsvegen 108 i Haugesund, og/eller på hans bopel ved Vikebygd i Vindafjord, truet han med drepe Trude Monica Hansen dersom hun ikke gjorde som han sa. Utsagnet var etter omstendighetene egnet til å fremkalle alvorlig frykt?

Spørsmål 3 - hovedspørsmål:

Er tiltalte Rune Leander Hansen skyldig i ved rettsstridig atferd eller ved å true med slik å ha tvunget noen til å gjøre, tåle eller unnlate noe, ved å ha forholdt seg slik:

Lørdag 27. september 2008, i Skoglandsvegen i Haugesund, tvang han Trude Monica Hansen til å bli med til hans boppel i Vindafjord ved å true henne med at hun ville bli drept om hun ikke gjorde som han sa?"

Lagretta svara ja på dei tre spørsmåla med fleire enn seks røyster. Lagmannsretten la orskurden til grunn for den vidare førehavinga av ankesaka.

Lagmannsretten sine merknader:

Den tiltalte er kjent skuldig i eit brot på straffelova § 132a første ledd bokstav a, jf andre ledd, jf fjerde ledd første straffalternativ, eit brot på straffelova § 227 første straffalternativ og eit brot straffelova § 222 første ledd første straffalternativ.

Den tiltalte og den krenkte var som nemnt ovafor separerte. Vidare gjorde fylkesnemnda for sosiale saker i Rogaland den 30. juni 2008 vedtak om at det offentlege ikkje skulle overta omsorga for seks av borna deira. Vedtaket bygde på den føresetnaden at den krenkte skulle ha den daglege omsorga for dei seks borna, at ho ikkje tok opp att samlivet med den tiltalte og at ho mottok tilsyn frå barneverntenesta i heimen.

I samband med separasjonen og tiltaka frå barnevernet, gjekk det føre seg to rettssaker; ei familiesak mellom den krenkte og den tiltalte og ei barnevernssak i tilknyting til vedtaket i fylkesnemnda. Den tiltalte hadde fremja anke i både desse sakene og den krenkte hadde fått pålegg om tilsvær.

For den krenkte stod valet mellom å halda fram samlivet med den tiltalte og mista omsorga for borna eller å avslutta samlivet med den tiltalte og overta omsorga for borna åleine. Som ein lekk i tilpassinga til barneverntenesta sitt opplegg, hadde den krenkte flytta saman med dei aktuelle borna i eige husvære i Haugesund. Den tiltalte budde att på småbruket i Vikebygd. Etter noko tid flytta to av borna attende til Vikebygd for å bu med den tiltalte.

Den tiltalte vart svært krenkja og opprøyrt over vedtaket og rettsavgjerdene som han ville ha endra.

Lagmannsretten legg på grunnlag av den krenkte si forklaring samanhilde med andre vitneforklaringer til grunn at den tiltalte saman med to av borna reiste frå Vikebygd og kom til husværet til den krenkte om morgonen om lag kl 5 laurdag 27. september 2008.

Dei gjekk inn i husværet til den krenkte. Den tiltalte fann den krenkte sovande. Han vekte henne og dei to borna som var med, gjekk til sengs. Den tiltalte og den krenkte oppheld seg i sofaen i stova, held han henne fast og uttalte at han skulle ta livet av henne. Han sa vidare at dersom ho følgde hans opplegg ville han likevel kunna spara livet hennar. Den krenkte vart svært redd og freista å koma seg ut av grepene som den tiltalte hadde på henne. Den tiltalte reagerte då med å halda den krenkte fastare og uttalte at ho måtte ikkje skikka seg slik at han måtte ta livet av henne i sinne.

Den krenkte tok trugsmålet på alvor og innretta seg slik den tiltalte sa eller slik som ho meinte, ikkje ville vera i strid med den tiltalte sitt opplegg. Ho reiste derfor saman med den tiltalte og borna til Vikebygd og vart verande der til politiet greip den tiltalte den 17. oktober 2008. Den 4. oktober 2008 medan den krenkte var i Vikebygd, skreiv ho, for å tekjkast den tiltalte og med hans medverknad, to tilsvare; eitt til Haugaland tingrett og eitt til Gulatning lagmannsrett, og eit brev til Haugaland tingrett.

Til liks med orskurden frå lagretta legg lagmannsretten til grunn at prova tvillaust tilseier at så vel dei objektive som dei subjektive vilkår for domfelling i samsvar med tiltalevedtaket er stetta.

Ved straffutmålinga legg lagmannsretten vekt på at sterke allmenne omsyn talar for ein streng reaksjon. Det er tale om alvorlege brotsverk mot ein person som står den tiltalte nære, og som for å skjerma borna, vegra seg for å kontakta politiet eller andre etatar for å få hjelp og naudsynt tryggleik mot den tiltalte. Trugsmålet om å ta livet av den krenkte vart sett fram i husværet hennar med borna sovande på andre rom.

Den krenkte måtte opphalda seg i tre veker saman med den tiltalte på hans vilkår i hovudsak i Vikebygd der han budde.

Den tiltalte hadde gjennom fleire år eit system med lydovervakning i heimen. Psykiater, lækjar Hans Olav Tungesvik uttalte i fråsegn 11. september 2009 at den tiltalte "synest å ha ei personlegdomsforstyrring med paraniode trekk,.. ". Trugsmåla og veremåten til den tiltalte har gjort at den krenkte framleis kjenner seg utrygg og har av den grunn fått etterkome krav om skiping av pålegg om besøksforbod mot den tiltalte. Forbodet gjeld no fram til februar 2011.

Den krenkte som visste at ho ville mista omsorga for borna dersom ho tok opp samlivet med den tiltalte, skreiv tilsvare til domstolane i strid med det som var hennar eige ønskjemål.

Lagmannsretten har ved utmålinga lagt vekt på samordningsreglane i straffelova § 62 første ledd for postane I-III og elles § 63 andre ledd for tilhøva der tingretten avgjorde skuldspørsmålet.

Lagmannsretten er komen til at straffa høveleg må setjast til fengsel i åtte månader.

Ved utmålinga tek lagmannsretten omsyn til at den tiltalte sat etter måten lenge i varetekt. Rettføringa har òg drege noko ut utan at den tiltalte kan lastast for det. Sjølv om dette er ei sak som i utgangspunktet ikkje tilseier fastsetjing av deldom, er tida i varetekt og rettføringstida tilhøve som tilseier at 90 dagar av straffa vert gjort på vilkår med prøvetid.

Sett i høve til at den tiltalte har vore varetektsfengsla i 145 dagar for tilhøva, er det ikkje noko som tilseier at han bør inn for å fullføra det som står att av den vilkårlause delen av straffa.

Fastsetjinga av oppreising til den krenkte er prøvd av dei tre embetsdomarane som er komne til at anken på dette punktet må vrakast. Både trugsmålet og tvangen og etterverknadane den krenkte har hatt av den tiltalte sin handlemåte tilseier at oppreisinga vert sett til kr 50 000 som tingretten kom til, jf skadebotlova § 3-5, jf § 3-3, jf straffelova kap 21.

Den tiltalte vert ikkje pålagt å betala sakskostnader.

Domen er på alle punkt samrøystes.

DOMSSLUTNING:

Rune Leander Hansen, fødd 06.12 1955, vert dømd for brot på straffelova § 132a første ledd bokstav a, jf andre ledd, jf fjerde ledd første straffalternativ, straffelova § 227 første straffalternativ og straffelova § 222 første ledd første straffalternativ saman med tilhøva der skulda er rettskraftig avgjort ved dom 15. januar 2009 i Haugaland tingrett, til fengsel i 8 – åtte – månader, jf straffelova §§ 62 og 63.

Av den fastsette straffen vert 90 – nitti – dagar gjort på vilkår med prøvetid i 2 – to – år, jf straffelova §§ 52 følgjande.

Den vilkårlause straffen er fullført ved tolt varetektsopphald på 145 – eithundreogførtifem – dagar.

Sakskostnader vert ikkje pålagt.

Anken over den fastsette skadebota vert vraka.

Ove Midttun

Magni Elsheim

Audun Stornes

Hildborg Ferkingstad Saltvik

Trond Knutsen

Reidun Svendsen

Jens Kåre Bjørheim

Dommen skal fremmøteforkynnes for Leander Hansen hos Lensmannen i Vindafjord fredag den 19. mars 2010 kl. 13.00. Leander Hansen er gjort kjent med ankefristen løper fra denne dato uavhengig av om han møter.

Rett utskrift:

Hildur E. Staalesen

Hildur Engeland Staalesen
konsulent



Retteledning til domfelte følger vedlagt.